

# Referat frå møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.



**VERDSARV**  
Vestnorsk fjordlandskap

**Møtestad:** Valldal Fjordhotell, Valldal.  
**Tidspunkt:** Tysdag 25. oktober 2016, kl. 12.30 – 16.30.  
Onsdag 26. oktober 2016, kl. 09.00 – 12.30.

## Medlemar til stades:

Voss kommune v/ ordførar Hans Erik Ringkjøb.  
Aurland kommune v/vara Anita Lærum.  
Vik kommune v/ ordførar Olav Turvoll.  
Lærdal kommune v/ vara Mia Hovland.  
Stranda kommune v/ ordførar Jan Ove Tryggestad. (26.10.16)

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Willy Loftheim.  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Geir Moen.  
Fylkesmannen i Hordaland v/ Kjell Kvingedal.  
Hordaland fylkeskommune v/ vara Jarle Brattespe.  
Norrdal kommune v/ ordførar Arne Sandnes.

## Bisitjarar:

Magnhild Aspevik, Lærdal kommune.  
Inge Bjørdal, Stranda kommune.  
Arlen S. Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune.  
David Aasen Sandved, Hordaland fylkeskommune  
Tor Helge Stavdal, Norrdal kommune. (26.10.16)

## Observatørar:

Kjell Hansen, SNO Geiranger.  
Anbjørg Nornes, VOF Nærøyfjorden.  
Ingvild Hansen Nystad, VOF Geirangerfjorden.  
Gaute Sønstebø, Miljødirektoratet.  
Trond Taugbøl, Riksantikvaren.  
Kristoffer Ullern-Hansen, SNO Aurland.

## Forfall:

Hordaland fylkeskommune  
v/ Anne Beth Njærheim.  
Gunnar Bergo, adm. Voss kommune.  
Odd Rune Turvoll, adm. Vik kommune.  
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune.  
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune.  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/ fylkesvaraordførar Åshild J. Kjelsnes.  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
v/ vara Aleksander Øren Heen.  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
v/ Tom Dybwad.

## Andre:

Trude K. Knagenhjelm, landbruksavd., FMSF.  
Magna Bergem, landbruksavd., FMMR. (25.10.16)  
Merete L. Rønneberg, Geirangerfjorden Verdsarv.  
Hanne Lykkja, Nærøyfjorden Verdsarvpark (26.10.16)

## Sekretariat

Erling Oppheim.  
Katrin Blomvik.

## Innleiing:

Arne Sandnes, ordførar i Norrdal kommune, ynskte Verdsarvrådet velkomen til Valldal og det relativt nyopna Valldal Fjordhotell. Orienterte så vidare kort om stoda i kommunen med fokus på historie, attraksjonar, viktige satsingar, nærings – og samfunnsutviklinga samt status i kommunereformarbeidet. Avslutta denne delen med å invitere møtelyden på ein guida ettermiddagstur.

Leiar Hans Erik Ringkjøb takka Norrdal kommune for å vere vertskap for møtet og opna deretter Verdsarvrådet som hadde fylgjande sakliste:

**VF 08/16 Innkalling, sakliste og møtereferat.**  
Ingen merknader.

**VF 09/16 Orienteringar og meldingar.**

- Vestnorsk fjordlandskap sin studietur til Glacier Bay, Alaska.**  
Merete L. Rønneberg, formidlingsleiar Geirangerfjorden Verdsarv, orienterte om Vestnorsk fjordlandskap sin studietur til Glacier Bay. Syner til eigen PPT-presentasjon.
- Third UNESCO World Heritage Marine Managers Conference, Galapagos Islands .**  
Erling Oppheim, sekr.leiar Verdsarvrådet, orienterte om Vestnorsk fjordlandskap si deltaking på konferansen som denne gongen vart tufta på 3 sentrale tema:  
*1. Climate Change*

2. *Building a Global Alliance for World Heritage Conservation.*
3. *Sustainable Fisheries*

Ei økt var og via kommunikasjon med særleg fokus på det som på godt norsk vert kalla storytelling. Det ligg føre ei oppsummering som vert sendt ut i lag med møtereferatet. Oppmoda elles medlemmane om å vidareformidle/ nytte foto og anna materiell lagt ut på <http://whc.unesco.org/en/future-marine-world-heritage-2016> Synte til slutt ein liten sekvens frå konferansefilmen.

### 3. **Nordisk Verdsarvmøte på Island.**

Arlen Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune, orienterte om deltakinga på den nordiske verdsarvkonferansen. Syner til eigen PPT-presentasjon.

### 4. **Miljødirektoratet orienterer.**

Gaute Sønstebø, Miljødirektoratet, orienterte kort om:

- framlegg til Statsbudsjett 2017 med omsyn til verdsarvsatsinga:
  - o 10,5 mill. avsett på 1420 post 81. Tiltaksmidlar om lag som i 2016.
  - o 12,2 mill. avsett på 1400 post 79. til nye verdsarvsenter. Ein auke på 4,6mill. Vert fordelt til etablering av 2 nye senter i 2017. Midlane er grunntilskot drift, ikkje inv. midlar. Midlar til investering må kome som resultat av politisk prosess/påverknad.
  - o Nasjonal plan for vidare etablering av verdsarvsenter vil vere klar hausten 2016.
- Autorisasjonsordninga for informasjonsenter:
  - o Ny utlysing i desember etter vedtak av Statsbudsjettet
- Nominasjonar til Verdsarvlista:
  - o Vil vurdere om det er grunnlag for å nominere delar av Svalbard.
- Verdsarvkomiteen sitt møte 2016 i Istanbul, Tyrkia.
  - o Møtet vart avbrote av militærkupp.
  - o 21 nye sites skrive inn på Verdsarvlista som no utgjer tilsaman 1052 objekt/ områdes.
  - o Sentrale utfordringar: 1.Terror. 2. Klimaendringar. 3. Urbanisering.
  - o 108 bevaringsrapportar lagt fram for komiteen.
- Nasjonalt:
  - o Vega: 3 klagar direkte til UNESCO-senteret i Paris. Uttrykkjer uro over forvaltninga av området. Knytt til etablering av oppdrettsanlegg.

### 5. **Norges Verdensarv sitt politiske råd.**

Hans Erik Ringkjøb, leiar Verdsarvrådet, orienterte. Politisk råd vart etablert av styret i Norges Verdensarv etter initiativ frå ei politikargruppe på konferansen Verdensarvforum 2016.

Det politiske rådet er samansett av 8 personar som repr. verdsarvråd eller tilsvarende hjå kvar enkelt verdsarvstad/-objekt. Ringkjøb vart på konstituerande møte den 26. september då. vald som leiar medan Andre Møller (*Vegaøyan*) vart vald som nestleiar.

Rådet si primære oppgåve er å påverke rammevilkår og ressurstilgang for verdsarven i Norge gjennom politiske kontaktar. Rådet skal og medverke til å utvikle eit politisk fellesskap om verdsarvspørsmål.

### 6. **Urvalmua i Bleiaområdet.**

Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar Nærøyfjorden, kunne informere møtelyden om at det framleis er uavklart om urvalmuen eigentleg er ein fjellvalmue eller ikkje. Ventar enno på svar på analysen.

### 7. **Korte orienteringar om status ved :**

- SNO Aurland ved Kristoffer Ullern-Hansen – sjå vedlagt PPT.
- SNO Geiranger ved Kjell Hansen – sjå vedlagt PPT.
- Verneområdestyret for Nærøyfjorden – sjå vedlagt PPT.

- Verneområdestyret for Geirangerfjorden.
  - Orientering ved verneområdeforvaltar Ingvild N. Hansen: Relativt nyttilsett i 60%, mykje tid har gått med til å setje seg inn i og handsame forvaltningssaker knytt skjøtsels- og utbetringstiltak, motorisert ferdsle, arrangement, kartlegging mv. Besøksforvaltningsarbeidet vil vere eit viktig satsing fram mot 2020.

### **Verdsarvrådet tok orienteringane til vitande.**

#### **VF 10/16 Samarbeidsavtale med Glacier Bay, Alaska.**

*Dokument utsendt ved innkalling:*

- *Utkast til samarbeidsavtale/ handlingsplan.*

Det låg føre kort saksutgreiing frå sekretariatet med fylgjande:

#### Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Saka vert lagt fram for rådet til drøfting og vidare handsaming utan tilråding frå sekretariatet.*

#### Handsaming/drøfting:

Leiar Hans Erik Ringkjøb og sekretariatet innleia til drøfting med ei kort utgreiing om grunnlag og målsetjingar for både studietur og eit vidare konkret og matnyttig samarbeid. Streka under at avtaledokumentet er ei førebels skisse samt at omstenda kring ei evt. signering våren 2017 må avklarast nærare med omsyn til kven som skal skrive under avtalen.

Nokre i møtelyden peika på at verdsarvfjordane trass forvaltningsmessige ulikskapar har mange av dei same utfordringane og potensiale til utvikling. Tek vi godt nok vare på verdsarven? Er det for mykje mix mellom kommers og vern? Nasjonalt manglar vi ei juridisk plattform for å handtere utfordringane - statsmakta er ikkje obs på problema. Kan gjerne inngå avtale men nasjonale styresmakter må på banen. Kan det vere ein ide å arrangere ein nasjonal konferanse om tematikken for å engasjere statsmakta?

Det vart vidare peika på at forankring er viktig med omsyn til tids- og ressursbruk utløyst av eit slikt samarbeid; viktig med nasjonal aksept og støtte. Styring av cruisetrafikken og formidling er nokre av fleire samarbeidsområde kor Vestnorsk fjordlandskap kan lære mykje frå Glacier Bay.

Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

#### **Semje i Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet sluttar seg til avtaleutkastet slik det ligg føre i møtet men leiing/ sekretariat må avklare nasjonal forankring samt omstenda kring signering av samarbeidsavtalen..*

*Endeleg avtale vert lagt fram for Verdsarvrådet til handsaming og godkjenning på vårmøte 2017.*

#### **VF 11/16 Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.**

*Dokument utsendt ved innkalling:*

- *Kopi av ordførararbrev 110816.*
- *Svarbrev frå LMD og KLD 160916.*

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet med fylgjande :

#### Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarvfjordane med omsyn til eksisterande og framtidig landbruksdrift.*

*Verdsarvrådet vil difor sterkt oppmode Regjeringa om å styrke sjølvgåande landbruksverksemd i og ikring verdsarvfjordane gjennom tiltaksplanen for kulturlandskapet ved å:*

- 1. Auke løyvingane til areal- og beitebidrag samt etablere dette som ei langsiktig ordning.*
- 2. Etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag slik at naudsynte og framdriftsretta investeringar i driftsapparatet kan gjennomførast .*

#### Handsaming/ drøfting:

Hans Erik Ringkjøb og Inge Bjørdal, næringsssjef Stranda kommune, orienterte kort om kva som så langt er gjort med tilvising til føreliggjande ordførarbrief, søknad til LMD og KLD om investeringsmidlar samt skuffande svar frå statsrådene. Bjørdal peika på at grensa no er nådd i høve til kva administrasjon/ fagpersonar kan få til i denne saka. Særs viktig at politikarane no tek eit felles ansvar for å få denne viktige satsinga på den nasjonale agendaen.

Møtelyden drøfta det som låg føre. Saka er inne i ein politisk runddans sjølv om det er utsikt til noko auke over jordbruksavtalen. Manglar ikkje kunnskap om effekten av tiltaksplanen; manglar sentrale politikarar som vil fylgje opp saka. Når ikkje inn til dei som tek stilling. Fylkesmennene og fylkesordførarane må koplust på saka. Norge som nasjon må ta eit tydlegare ansvar for denne spissa satsinga. Viktig å etablere ei forståing for at det framleis skal vere aktivt landbruk i verdsarvfjordane samstundes som dette ikkje kan seiast å vere ordinær drift.

Kan det vere ein ide å engasjer den 4. statsmakta - media – for å få sett dette på dagsorden? Viktig å få synleggjort at dette ikkje berre er ei landbrukssak; må involvere fleire departement enn LMD og KLD. Må tenkje ut ein klok mediastrategi som byggjer opp politisk trykk. Leiarskapet og sekretariatet må utarbeide ein strategi for korleis dette kan handterast.

Arne Sandnes vart oppmoda om å støtte leiarskapet i vidare oppfylgning av saka noko Sandnes takka ja til. Verdsarvrådet samla seg etter eit lengre ordskifte om fylgjande

#### **Semje i Verdsarvrådet:**

*I samband med innskrivinga av Vestnorsk fjordlandskap på verdsarvlista som Noreg sitt einaste naturarvområde, er det framheva at kulturlandskapet tilfører området ein kulturell dimensjon, som både utfyller og aukar verdsarvstatusen. Eit sjølvgåande husdyrbasert landbruk er vesentleg for å oppretthalde denne statusen og soleis den einaste realistiske løysinga for å ta vare på kulturlandskapet i området. Eit levande landbruk er og i mange høve avgjerande for vidare busetnad/ lokal samfunnsutvikling i grender og dalføre som verdsarven femner over.*

*Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet er, forsiktig sagt, eit svært attraktivt reisemål som årleg vert vitja av bortimot ein trekvart million gjester. Fjord- og fjellandskapet er i reiselivssamanheng Noreg sitt fremste fyrstårn. Vakre og maleriske bilete av verdsarvfjordane pregar internasjonale kampanjar i regi av både Innovasjon Norge og Fjord Norge.*

*Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.*

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarvfjordane med omsyn til eksisterande og framtidig landbruksdrift.*

*Verdsarvrådet vil difor sterkt oppmode Regjeringa om å styrke sjølvgåande landbruksverksemd i og ikring verdsarvfjordane gjennom tiltaksplanen for kulturlandskapet ved å:*

- 1. Auke løyvingane til areal- og beitebidrag samt etablere dette som ei langsiktig ordning.*

2. *Etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag slik at naudsynte og framdriftsretta investeringar i driftsapparatet kan gjennomførast .*

## **VF 12/16 Tilskot til utvalde kulturlandskap og verdsarvområda.**

*Dokument utsendt ved innkalling:*

- *Kopi av høringsuttale til ny forskrift.*

Det låg føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet. I tillegg deltok Trude K. Knagenhjelm hjå fylkesmannen si landbruksavd. i Sogn og Fjordane og Magna Bergem hjå fylkesmannen si landbruksavd. i Møre og Romsdal med ein presentasjon av skisse til forvaltning av verdsarvmidlane – sjå vedlagt PPT.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap legg til grunn at Fylkesmennene sine landbruksavdelingar frametter vil forvalte den nye forskrifta på ein ubyråkratisk måte og med utgangspunkt i og vekt på tiltaksplanen sine målsetjingar.*

Handsaming:

Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

**Semje i Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap legg til grunn at Fylkesmennene sine landbruksavdelingar frametter vil forvalte den nye forskrifta på ein ubyråkratisk måte og med utgangspunkt i og vekt på tiltaksplanen sine målsetjingar.*

*Verdsarvrådet føreset vidare at framlegg til retningsliner, når desse ligg føre frå Fylkesmennene, vert oversendt rådet sitt leiarskap/ sekretariat for uttale.*

## **VF 13/16 Kartlegging av utslepp og miljøpåverknad i verdsarvfjordane.**

*Dokument utsendt ved innkalling:*

- *Sjøfartsdirektoratet si pressemelding dagsett 220716.*

Bjørn Pedersen, Sjøfartsdirektoratet, var invitert til å halde ein presentasjon/ oppsummering frå arbeidsmøte på Gardermoen. Pedersen måtte melde sjukdomsforfall. Katrin Blomvik la i staden fram ei kort oppsummering p.t. – sjå eigen PPT. Det låg vidare føre ei kort saksutgreiing frå sekretariatet med fylgjande :

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.*

Handsaming/ drøfting:

Hans Erik Ringkjøb innleia til ordskifte med tilvising til grunnlag og målsetjing for Sjøfartsdirektoratet sitt oppdrag. Kartlegginga er eit resultat av Verdsarvrådet sitt initiativ hausten 2015. Rapporten skal vere klar april 2017.

Møtelyden peika på at dette er eit svært viktig arbeid som både byggjer kunnskap og vonleg klargjer det forvaltningsmessige handlingsrommet i eksisterande regelverk. Honnør til Sjøfartsdirektoratet og Pedersen sitt engasjement i saka.

Det må vere eit overrodna mål at verdsarvfjordane på sikt verkeleg kan syne til ” *Best Practise*” når det og gjeld kontroll på utslepp til luft – både faktisk og visuelt – og til sjø. Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

**Semje i Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet tek orienteringa til førebels vitande og avventar vidare rapportar og resultat frå Sjøfartsdirektoratet sitt arbeid.*

## **VF 14/16      Strategiplan for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 2014 – 2016.**

*Dokument utsendt ved innkalling:*

- *Strategiplan 2014-2016.*

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå sekretariatet. I tillegg orienterte Katrin Blomvik med tilvising til eksisterande dokument om grunnlag og målsetjing for å starte opp ein revisjon/ oppdatering av strategiplanen. Sekretariatet vil be Verdsarvrådet kome med innspel til arbeidet.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekretariatet.*

Handsaming:

Møtelyden samla seg etter eit kort ordskifte om fylgjande:

**Semje i Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet ber sekretariatet starte opp arbeidet med revisjon/ oppdatering av strategiplanen 2014 -2016. Framlegg til revidert strategiplan vert samstundes oversendt Verdsarvrådet sine medlemar for uttale og innspel.*

*Revidert strategiplan vert vidare lagt fram for Verdsarvrådet til handsaming og godkjenning på vårmøte 2017.*

## **VF 15/16      Revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap.**

Det låg føre eit kort saksutgreiing frå sekretariatet med fylgjande:

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

*Verdsarvrådet ber sekretariatet i samarbeid med arbeidsgruppa starte opp og gjennomføre ein revisjon av eksisterande skiltmal.*

*Framlegg til oppdatert og revidert skiltmalt vert lagt fram for Verdsarvrådet til godkjenning på fyrste møte i 2017.*

Handsaming:

Møtelyden samla seg etter eit kort ordskifte om fylgjande:

**Semje i Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet ber sekretariatet i samarbeid med arbeidsgruppa starte opp og gjennomføre ein revisjon av eksisterande skiltmal. Arbeidsgruppa vert samstundes utvida med verneområdeforvaltarane frå Nærøysfjorden og Geirangerfjorden.*

*Framlegg til oppdatert og revidert skiltmalt vert lagt fram for Verdsarvrådet til godkjenning på fyrste møte i 2017.*

## **VF 16/16      Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.**

Prosjektleiar Hanne Lykkja presenterte status og framdrift i det 3-årige FoU-prosjektet – sjå eigen PPT.

Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:

*Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.*

Handsaming:

Møtelyden peika på at samstundes som dette er eit interessant nybrottarbeid er det viktig å få synleggjort kva ein får att for å delta i prosjektet. Møtelyden samla seg etter eit kort ordskifte om fylgjande:

**Uttale frå Verdsarvrådet:**

*Verdsarvrådet sluttar opp om framdrifta i prosjektet og tek orienteringa til vitande.*

**VF 17/16**

**Ymse**

Hans Erik Ringkjøb orienterte avslutningsvis kort om si deltaking på både dåp og andre hendingar vår/ sommar d.å. i samband med The Fjords si innføring av hybridfartøy på Aurlands- og Nærøyfjorden.

Eit flott prosjekt/ satsing som det er viktig støtte opp om og framsnakke i ulike samanhengar.

Vårmøte 2017 vert truleg arrangert i/ på Nærøyfjorden i nært samarbeid med The Fjords.

Aurland, 8. november 2016.

Erling Oppheim  
Sekretariatsleiar